



Det vert ein flott konsert med Eva Megyesi og Lina Håland

**Den næraste månaden vil det verta stor musikkaktivitet i Uskedal kyrkje, og den dyktige kantoren vår, Eva Megyesi, er sentral i alt som skjer. Det vert to flotte konsertar og i tillegg vert det oppstart av kyrkjekoret Nordmadrival. I tillegg til å vera ein dyktig songar og musikar, gjer også Eva ein framifrå jobb med å skapa arrangementstilbod.**

Allereie mandag den 29.august kl.19. ligg det til rette for ein flott orgelkonsert. Då vil Eva spela noko av den kyrkjemusikken ho synes er aller finast. 'Frå Bach til Hovland' har Eva Megyesi sett som overskrift på programmet sitt.

Innimelom den vituose orgelmusikken vil vi også få oppleva flott solosong. Sokneprest Lina Håland har imponert mang ein publikummar med det fine songstemma si. Denne kvelden er ho gjestesolist, og ho skal syngja nokre vakre songar akkompagnert av Eva Meyesi.

Dette vert heilt sikkert ei fin kveldstund i kykja. Det vert ikkje inngangspengar, men høve til å gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet.

Mandagen etterpå, 5.09., er Eva Megyesi klar til å starta opp kyrkjekoret Nordmadrival som ho skal dirigera. Interesse for koret er stor frå heile Kvinnherad. Det er berre å melda seg på. Mandag 19.09. er ho klar til å arrangera ein ny konsert i Uskedal kyrkje. Den vert saman med Vegard Døssland som er solist på trompet og flûgelhorn.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Eva Megyesi